



Time kommune

Postboks 38

4349 Bryne

Kontakt saksbehandlar

Marita Skorpe Falnes, 51568894

Trekking av motsegn til plan-ID 0454.00 detaljregulering forretning og bustad Storgata 19-23, Bryne sentrum

Etter drøftingsmøte med kommunen 11.05.2020 og oppdaterte dokumenter i saka motteke 18.07.2020, vurderer vi at planen i tilstrekkeleg grad har ivaretatt viktige omsyn knytt til naturverdiar, samfunnstryggleik og uteoppfallsareal. Motsegnene som Fylkesmannen i Rogaland fremma mot planen, kan difor trekkast. Motsegnene er løyst dersom planen blir vedteken slik den nå er lagt fram.

Vi viser til førespurnad frå kommunen om å trekke motsegn til plan-ID 0454.00 Detaljregulering forretning og bustad Storgata 19-23, datert 18.07.2020.

Bakgrunn for saka

I brev av 20.02.2020 fremma Fylkesmannen motsegn til plan 0454.00 detaljregulering for forretning og bustad i Storgata 19-23, Bryne sentrum. Motsegnene var knytt til manglande sikring av omsyn til naturmangfald, bruk av frikjøpsordninga i sentrumsplanen, og manglande vurderingar og tiltak knytt til samfunnstryggleik.

Det vart gjennomført drøftingsmøte med kommune 11.05.2020. Kommunen har og sendt over oppdaterte plandokument i oversending datert 18.07.2020 for å komme motsegnene i møte.

I oppdaterte plandokument er det lagt inn føresegn som sikrar avbøtande tiltak for å hindra avrenning til Bryneåna i anleggsperioden. Storleik på uteoppfallsareal på tak, og krav om at 75 % av uteoppfallsareal skal sikrast ved bruk av frikjøpsordninga er og lagt inn i føresegnene.

I drøftingsmøtet blei forutsetningar for bruk av frikjøpsordninga diskutert, og det blei semje om at motsegna kunne trekkast dersom krav til storleik på uteoppfallsareal på tak og krav om bruk av frikjøpsordninga for 75 % av uteoppfallsareal blei sikra i føresegnene. I møtet gjorde kommunen og greie for nye berekningar av flaumsone for Bryneåna. Desse forholda er og gjort greie for i oppdaterte plandokument.



Vår vurdering

Vi vurderer at planen i tilstrekkeleg grad tek omsyn til naturmangfald ved at det er tatt inn krav om avbøtande tiltak for å hindra avrenning i anleggsperioden i føresegnene.

Kommunen si utgreiing om oppdatert kunnskapsgrunnlag for berekning av flaumsone gjer at motsegna mot manglande vurdering og tiltak knytt til samfunnstryggleik kan trekkast.

Oppdaterte føresegner og diskusjon rundt bruken av frikjøpsordninga i drøftingsmøtet gjer at Fylkesmannen etter ei samla vurdering kan akseptere planen slik forslaget ligg føre no.

Med helsing

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernshjef

Marita Skorpe Falnes
plankoordinator

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

NVE Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 130

Postboks 5091 Majorstuen

4001

0301

Stavanger

Oslo



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Time kommune
Postboks 38
4349 BRYNE

Vår dato: 04.08.2020
Vår ref.: 202002599-5
Arkiv: 323
Dykkar dato: 18.07.2020
Dykkar ref.: 18/2813- 32

Sakshandsamar:
Turid Bakken Pedersen
22959767/tba@nve.no

NVE sitt svar på konkret forespørsel - plan 0454.00 Detaljregulering for forretning og bustad i Storgata 19-23, Bryne sentrum - Time kommune

Vi viser til oversending frå kommunen datert 18.7.2020 med endra avmerking av omsynssone flaumfare baserte på nye utrekningar, endra føresegner og endra planomtale.

Plandokumentet bør ha ei eintydig referanse til utrekningane som ligg til grunn for omsynsona for flaumfare.

På s. 32 i planomtalen kapittel 6.18 står det at flaumtoppen ved ein 200-årsflaum er kote 26, medan det på s. 21 kap. 5.17 står at med grunnlag i dei nye utrekningane til Øverland vil ikkje 200-årsflaumen komme over kote 25.

NVE meiner at flaumfaren er tilstrekkeleg vurdert og teke omsyn til nå når dei nye utrekningane – «Øverland-rapporten» - er lagt til grunn for planarbeidet og synleggjort i arealplankartet og føresegnene.

Med helsing

Anne Cathrine Sverdrup
regionsjef

Turid Bakken Pedersen
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til: Fylkesmannen i Rogaland

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR